

Møtereferat – Nasjonal samarbeidsgruppe for helseforskning i spesialisthelsetenesta

Dato: 09.03.2022
Tid: 10:00-15:00
Sted: Radisson Blu Trondheim Airport Hotel

Faste medlemmer og observatører

Navn	Institusjon	Kategori
Siv Mørkved	Helse Midt-Norge RHF	Leiar 2022
Øystein Krüger	Helse Sør-Aust	Fast medlem
Baard-Christian Scheem	Helse Vest RHF	Fast medlem
Tove Klæbo Nilsen	Helse Nord RHF	Fast medlem
Renate Grüner	Fellesrepresentant	Fast medlem
		Universitetssjukehusa
Erlend B. Smeland	Oslo Universitetssjukehus	Fast medlem
Morten Bøhmer Strøm	Universitetet i Tromsø	Vara
Per Bakke	Universitetssjukehuset i Bergen	Fast medlem
Ivar Gladhaug	Universitetet i Oslo	Fast medlem
Torstein Baade Rø	NTNU	Fast medlem
Gro Jamtvedt	Universitets- og høgskolerådet (helsefag)	Fast medlem (Teams)
Fred Godtliebsen	Universitets- og høgskolerådet (helserelevant MN-fag)	Fast medlem
Maiken Engelstad	Helse- og omsorgsdepartementet	Observatør (Teams)
Martin Fredheim	Kunnskapsdepartementet	Observatør

Inviterte

Navn	Stilling	Institusjon	Kategori
Trine Holter	Koordinator	Sekretariatet for SO	Referent
Mai Hege Stokke	Rådgivar	Sekretariatet for SO	Invitert
Aasta M. Hetland	Fungerande sekretariatsleiar	Direktoratet for e-helse	Invitert
Ørnulf Risnes	Avdelingsdirektør	SIKT	Invitert
Frode Arntsen	Produktområdeleiar forskingsinfo	SIKT	Invitert
Katrine W. Bjerde	Fagdirektør	Direktoratet for høyere utdanning og kompetanse	Invitert
Siri B. Borlaug	Stedfortredande forskingsleiar	NIFU	Invitert

Forfall

Gunbjørg Svineng	Universitetet i Tromsø	Fast medlem
Ole Johan Borge	Norges forskingsråd	Observatør
Atle Fretheim	Folkehelseinstituttet	Observatør
	SAFO	Brukarrepresentant

Agenda Nasjonal samarbeidsgruppe for helseforskning i spesialisthelsetenesta NSG)

Værnes 9. mars 2022

Sak 01/21 Kl. 10:00-10:05 Godkjenning av innkalling og dagsorden v/leiar Siv Mørkved, ass. fagdirektør, HMN RHF

Vedtak: NSG godkjenner innkalling og dagsorden med merknad om at det er ikkje oppnemnt nytt medlem frå SAFO og at dette må bli gjort før neste møte. Sekretariatet tar dette vidare

Sak 02/22 Kl. 10:05-10:10 Referat frå møte 9. juni 2021 v/leiar Siv Mørkved, ass. fagdirektør, HMN RHF

Vedtak: NSG godkjenner referat

Sak 03/22 Kl. 10:10-10:30 Gjennomgang av mandat og funksjonen for NSG v/leiar Siv Mørkved, ass. fagdirektør, HMN RHF

Punkt frå diskusjonen

- Viktig at NSG er eit diskusjonsforum med kraft til å påverke nasjonale prosessar
- Agendaen for NSG-møta vil avgjøre suksess for forumet. Ta saker frå NSG som gjeld samarbeid mellom UH og HF inn i dei regionale Samarbeidsorgana for å kunne bidra inn i utvikling av viktige nasjonale saker
- Vil vere viktig og nyttig å få inn saker frå departementa for å kunne kome med felles innspel frå NSG som kan bli tatt med inn i vidare arbeid handlingsplanar og vedtak
- Sjå på samansetting NSG, spørsmål om det kan vere aktuelt å utvide for å få inn representantar frå andre UH- institusjonar, for eksempel har ikkje OsloMet ikkje eget medlem
- Sjå på internasjonalisering som tema, meir sentralt no enn tidlegare
- Fokusere på internasjonalisering og posisjonering i forhold til eksterne middel

Vedtak: sekretariatet for NSG følger opp saken vidare

Sak 04/22 Kl. 10:30-10:45 Aktuelle tema for NSG-seminar 2022 i november

Punkt frå diskusjonen

- Forslag om at diskusjonspunkta frå den avlyste heildagskonferansen i 2021 kan bli brukt til konferansen i 2022
- Handlingsplan for kliniske studier – korleis skape tid og rom?
- Nasjonal infrastruktur – RHF skal bidra inn i primær- og spesialisthelsetenesta, del av handlingsplan for kliniske studier
- Oppfølging av Husebakkutvalget sin rapport
- Forsking på covid -19
- Akutforskning
 - kva er lærdom til ein evt. seinare krisesituasjon?
 - Beredskapsplan for forskning
 - Finansiering
 - Koordinert styring og kvalitetsvurdering

Vedtak: Handlingsplan for kliniske studie og forskning og beredskap skal vere dei to hovudoverskriftene. AU NSG jobber vidare med ei tydeleggjøring av forslaga. Endeleg program blir bestemt på NSG-møtet i juni

Sak 05/22 Kl. 10.45-11:25 Informasjon om arbeidet med Normen (Norm for informasjonssikkerhet og personvern i Helse- og omsorgssektoren) v/ seniorrådgivar og fungerande leiar sekretariatet for Normen Aasta Margrethe Hetland, seniorrådgivar Marie Schildmann og seniorrådgivar Thea Røisåsen, Direktoratet for e-helse

Punkt frå diskusjonen

- Ny rettleiar for informasjonssikkerheit og personvern i forskning i helse- og omsorgssektoren, målet er å formidle kunnskapen i ei meir tilgjengeleg form enn det som er formulert av superbrukarar og byråkratar
- Interaktiv rettleiarar for enklare å finne fram den kunnskapen den enkelte treng
- NSG ber styringsgruppa i Normen om å ta inn representantar frå UH-sektoren som observatør i styringsgruppearbeidet

Vedlegg: presentasjon

Vedtak: NSG tar saka til orientering. Sekretariatet skal sende eit formelt spørsmål til Normen om oppnemning av representant frå UH

Pause 11:25-11:35

Sak 06/22 kl. 11.35-12.10 Sikt – kunnskapssektoren sin tenesteleverandør v/avdelingsdirektør Ørnulf Risnes og Frode Arntsen, produktområdeleiar for forskingsinformasjon

Punkt frå diskusjonen

- NSD/Uninett/Unit fusjonert til Sikt frå 1. januar 2022
- Mikrodata
- Overgang frå Cristin til Nasjonalt vitenarkiv (NVA) frå juni 2023

Vedlegg: presentasjon

Vedtak: NSG tar saka til orientering

Lunsj kl. 12:10-13

Sak 07/22 Kl. 13-13.30 FAIR-utredninga v/fagdirektør Katrine Weisteen Bjerde, Direktoratet for høgere utdanning og kompetanse (HK-dir.)

Punkt frå diskusjonen

- Felles infrastruktur og tenester (FAIR) som svar på ønske om mal/felles retningslinjer
- Internasjonalt samarbeid EU/USA

- Nasjonalt samarbeid mellom NFR og Direktoratet for eHelse i persondataforum

Vedlegg: presentasjon

Vedtak: NSG tar saka til orientering

Sak 08/22 Kl. 13:30-14:00 NIFU-rapport [Utredning av modeller for organisering og innretning av teknologioverføringskontorene | NIFU](#) v/stedfortredande forskingsleiar Siri B. Borlaug, NIFU

- Utreiing av modellar for organisering av teknologioverføring ved norske forskingsinstitusjonar
- TTO – teknologioverføringskontor kan ha fleire ulike modellar for organisering bidra til å kommersialisere offentleg finansierte forskingsresultat frå UH, HF og forskingsinstitusjonar

Vedlegg: presentasjon

Vedtak: NSG tar saka til orientering

Pause kl. 14:00-14:10

Sak 04/22 Kl. 14:10-14:15 Utsetting av evaluering av NSG til 2023 v/leiar Siv Mørkved, ass. fagdirektør, HMN RHF

- Pandemien har ført til mindre aktivitet i NSG dei siste to åra, nytteverdien av ei evaluering vil vere større ved å forskyve denne eit år

Vedtak: NSG vedtar å utsette evaluering av arbeidet i samarbeidsgruppa til 2023

Sak 10/22 Kl. 14:15-14:45 Informasjon frå departementa

Sak 11/22 Eventuelt/avslutning

KD

- Informasjon frå KD om konsekvensar av krigen i Ukraina for høgskole- og forskingssektoren (sjå vedlegg)
- Gjeldande norsk-russisk utdanningsavtale suspendert inntil vidare, den framforhandla forskingsavtalen er også det
- Ikkje akademisk boikott, oppfordring om å fortsette forskar-til-forskarsamarbeid der det blir vurdert som ansvarleg
- Oppfordring om å tilby studieplassar og forskarstillingar til flyktningar frå Ukraina der det finst kapasitet til det
- Beredskap for kunnskapsgrunlag ved kriser
- Langtidsplan for forskning og høgare utdanning
 - Samfunnsoppdrag, f.eks. EU-missions

HOD

- Arbeidet med revidering av nasjonal handlingsplan for persontilpasset medisin – ønske om å få representant frå UH inn i relevante deler utredningsarbeid - NSG blir oppfordra til å foreslå

representantar frå UH-sektoren som kan sitte i arbeidsgruppe for revisjonsarbeidet. Sekretariatet skal sende forespørsel

- Orientering om planlagt arbeid med revidering av instruks for samarbeidet mellom dei regionale helseforetaka og UH-sektoren, her skal det vere spesialet fokus på utdanning, men det kan også vere aktuelt å sjå på forskning

Sak x/22 Eventuelt/avslutning

UTKAST